

Fylkesmannen i Hordaland

## Rapportering skjønnstilskot 2015

Om prosjektet	
Navn på prosjekt Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar	Kommune Radøy
Kontaktperson/ prosjektansvarleg Bente K. Hervik	E-postadresse bente.hervik@radoy.kommune.no
Evt. andre kommuner som deltok Austrheim og Meland	Tilskot 180000
Kort om prosjektet/ tiltaket - tidsplan	
Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder ei fagleg basert kartlegging og verdisetting av areal for friluftsområde i kommunane basert Miljøverndirektoratet sin rettleiar Kartlegging og verdisetting av friluftsområder (M98-2013). Prosjektet skal resultera i eit kart med oversyn over friluftsområda og tilhøyrande dokument der områda er skildra og verdisett. Kartlegginga skal leggjast ut i Naturbase.	
Det er eit tett samarbeid mellom kommunane, både når det gjeld erfearingsutveksling, kompetanseheving og samarbeid om ein del av oppgåvane	
Prosjektet vart starta opp i 2015 og er venta avslutta til sommaren 2016.	

Organisering, økonomi og status	
Mål - forventninger	Konkrete mål med prosjektet er: - Å få betre oversikt over areal for friluftsliv i kommunane, med vekt på kvardagsfriluftslivet. - Verdisetja areal for friluftsliv i kommunane. - Identifisera aktuelle areal for sikring til friluftsformål
Dette skal vidare vera grunnlag for:	- Betre kommunal forvaltning av friluftsområda i kommunane. - Vidareutvikling av friluftsområda i kommunane. - Auka kjennskap til og medvit om friluftsområda i kommunane. - Sikring av viktige friluftsområde for framtida.
Organisering (og evt. vidareføring frå prosjekt til drift)	Radøy, Austrheim og Meland kommunar har felles prosjektleiar, som er tilsett i Bergen og omland friluftsråd (BOF). Kvar av kommunane har i tillegg kvar sin lokale koordinator som er tilsett i kommunane og ei faggruppe som arbeider med kartlegginga. Koordinatorane i kommunane har jamlege møte saman med felles prosjektleiar.
Økonomi (kostnader, finansiering, eigeninnsats)	Utgifter (budsjett): Prosjektleiing 342 000 Arbeidsgruppe inkl. reise, møtegodtgjersle etc. 150 000 Digitalisering og etterarbeid 90 000 Diverse utgifter 15 000 Totalt 597 000
Finansiering (budsjett):	Skjønsmidlar 180 000 Tilskot Hordaland fylkeskommune 270 000 Eigeninnsats/eigne midlar 147 000

Status og erfaringar	
Status	Alle kommunane er i sluttfasen når det gjeld den overordna kartlegginga av friluftsområda. I løpet av mars månad vil det vera opne folkemøte i alle kommunane der me ber om innspel til kartlegginga og verdisettinga som er gjort. Kartleggingsarbeidet, inkludert handsaming av innspel, vil verta gjort i løpet av april og mai. I løpet perioden juni-august vil arbeidet verta slutført og presentert for polikarane i kommunane.

Positive erfaringar/ resultat

Me har gjennom dette arbeidet fått ei mykje betre oversikt over friluftsområda og bruken av desse. Når ein får ei slik oversikt ser ein i større grad kva for verdiar som skal forvaltast og ein er betre rusta til å ta omsyn til friluftsinteressene i kommunal sakshansaming og planlegging. Gevinsten av å jobba tre kommunar i lag er stor, ikkje minst med tanke på kompetanseheving og erfaringsutveksling. Samarbeidet har også rasjonalisert arbeidet.

Problem/ utfordringar

Arbeidet er omfattande og det å identifisera kva som er eit friluftsområde og avgrensa desse, er vanskeleg. Med hjelp av ein god prosjektleiar har arbeidet så langt godt bra. Me har ikkje støtt på uventa problem eller utfordringar.

**Vedlegg**

Legg til vedlegg her

Legg til vedlegg her